Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skodje

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag: Fylling

Oppskr. av: Ludvig Fylling

Gard:

(adresse): Skodje

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

fødd 1/10 – 1879

SVAR

Joletre og Jolehalm.

1. Joletre er no vanleg i alle heimar, alveisst der det er born.

2. Ja. Det var i 1890 med ein fest i skulen om Jola.

3. Nei. I våre bygder kåm det samstundes i heimarne og skulen. Seinare i Kyrkja og andre møtehus bedehus og ungdomshus.

4. I våre bygder hev det vore gamal skjikk å pynta golvet med små hakka einer. Elles var der andre måtar å pynta stova på, særleg til Jol. Men ikkje nett slik, som her er spurt om. Tekk ein langt tilbake i tida, med dei gamle røykstovune var dette eit kapittel for seg sjølv. I mange av dei stovene var veggarne pynta med raser av krit.

4036

4. Der var mange som var reine meistarar til dette. Når stova var <u>nedvaska</u> til <u>jonsok</u> og <u>jol</u>, måtte <u>rasinga</u> <u>oppattnyast</u>.

5. Ja. Men <u>det</u> er ikkje bunde til nokkå faste former, som namnt i punkt 4. men kvar etter bedste smak og skjøn.

6. Dette er oftaste etter kva slags lokale ein skal hava treet på. Eit tre i ei vanleg stova kan vera 2. m. Tre til ein skule der det er <u>loft</u> i huset kan vera opp til 2,70 m. Eit joletre til ei kyrkja eller eit anna lokale utan loft kan vera 6–7 m. kanskje meir og. Men ein kan og sjå tre som er små på ein ½ m. og mindre.

7. A. <u>Pynten</u> er no ikkje likt allestaden. Det er mykje etter smak, samstundes med kva ein rår over med pynt. Dei fleste tre er pynta med papirpynt, lange kjeder, som ein slyngjer rundt treet. Der er glitter av sylvtråd og der er ei mengd med småflagg på greinorne hist og her. Og oppi i toppen den blanke <u>stjerna</u>.

B. <u>Ljos</u>. Der er ljos. Mange hev no kosta seg ei serie med elektriske ljos som vert plassert oppe i treet.

4036

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Joletre



8. Dette er ikkje nokkå avjork i våre bygder.

9. Dei tre som er nemnd i fyrste bolken i Nr 6. stend på golvet. Men små tre, på ein ½ m. og mindre stend som oftaste på eit bord eller ein Komode.

10. Dei trei som ein hev i heimarne brukar ein å tendra Ljosi på om Joleaftan. Men ein passar då på, at ein ikkje bremer dei lenger, enn at ein kan tendra dei både nyårsaftan og trettandaftan.

11. Ja. Dette er no ei av störste feststundarne om Jolaftan i heimarne. og songarne ein syng er dei kjende og kjære jülesongarne som dei fleste i hüslyden kan. Dei trei som vert nytta i Kyrkja og andre mötehüs, vert brükta hed visse festar og samkåmer fram igjenom Jola.

12. I heimarne kan trei stå lenge, kanskje heile Januar.

13. I den fyrste tid ein tok til å hava Joletre, var det skjikk å hengja mat opp i treet. Füglar, mennar, griser, og mange slags ringar av mat, var opphangde med tråd i treet. Sukkertøy av ymse slag, var i små papirkorger i treet.

4036

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Joletre



13. Den tida fekk borna lov å hauste treet. Ein sa her å hauste. Dagen for hauskinga var ikkje avgjort. Men når treet var hauska var det som ein prosesjon på dør med det. I dei seinare år er det slutt med å henga mat opp i treet. Ein fann det var like sanikert å laka maten henga slik kanskje fleire vekor, å so skulde borna ska den etterpå. På barnefestar med joletre, utanfor heimen brukar ein pakkar til borna.

14. Her nyttar ein gran eller furu etter smak.

15. Kan ikkje svara på dette då her er rikeleg tilgang på vanlege tre.

16. Nei. Her var trei plassert inne.

## Jolehalmen.

Jau denne skjikken veit me like gramm ati; men fyrst skal me svara på dei oppsette spyrsmål.

1. Ja.

2. Halmen var boren inn i vandlar, men til bruk i flatseng å liggja på måtte ein løysa banda-ne opp for å gjera sengja betre.

4036

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Emnenr. Fylke:

Tilleggsspørsmålnr. Herad:

Emne: Bygdelag:

Oppskr. av: Gard:

(adresse): G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

3. Ein gjamma halmen üt over golvet, so vidt sam ein vilde brükka den til seng.

4. Ein skülde sova i halmen Jolenatta.

Dette med halm på golvet Jolaftan hentrüleg sit opphav frå gamal tradisjon i Norsk bondesamfünd. Langt tilbake i tida var det ikkje alltid so bra med hüsrüm på gardane. Det var den store røykstova, der sjølvefolket og kanskje dei gamle låg. Dei andre lemar av hüslyden låg då på ymse andre stader. Gjentorne låg oppå på fjøslemmen og gutkarane på eit kove-loft eller eit kammers. Men Jolenatta skülde alle liggja inne i stova. Den store festkvelden skülde samla alle inn for veggarne. Dette var den eine grünnen. Men når me dreg fram minnene frå gamletida, veit me ~~at~~ samstündes at folk då trüdde på Nissar og mangt anna i samhøve med dei. Denne Nissen hadde ein sikker plads i fjøs og løa. Sa i Jola var det mangt å taka Omsyn til kring Nissen. Det var difor klokt den natta å halda seg inne i stova, so ein ikkje skjipla desse raringarne.

4036

Jolehalmen.

Truleg er dette med halm på golvet om Jolaftan, so gamal, at ein ikkje hadde golv i stouene men tramp a jord.

4036
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY